



Årsmelding og rekneskap 2001

Ivar Aasen-tunet
Dei Nynorske Festspela

Innhald

1. Resultat 2

2. Organisasjon 3

2.1 Råd 3

2.2 Styre 4

2.3 Administrasjon 5

2.4 Rekneskap og revisjon 6

2.5 Formell representasjon 6

2.6 Medlemsskapar 6

3. Mål og strategi 7

3.1 Arbeidsmål 7

3.2 Strategi 7

3.3 Museum, dokumentasjons- og opplevingssenter 8

3.4 Festivalar og kulturhus 9

3.5 Nynorsk skriftkultur 9

4.1 Dokumentasjon 11

4.1 Arkiv, bibliotek og samlingar 12

4.2 Foredrag 13

4.3 Trykte og elektroniske skrifter 14

4.4 Fagleg representasjon 15

5. Oppleving 16

5.1 Basisutstillinga 16

5.2 Temautstillingar 16

5.3 Forfattarrommet 17

5.4 Daglege endringar 17

5.5 Kulturprogram vår og haust 17

5.6 Dei Nynorske Festspela 18

5.7 Butikk 19

5.8 Kafé 19

5.9 Utleige 19

6. Besøk 20

6.1 Opningstider 20

6.2 Billettprisar 20

6.3 Nasjonale og regionale kulturinstitusjonar 21

7. Informasjon 21

7.1 Nettstad 22

7.2 Presse og kringkasting 22

7.3 Trykksaker 22

7.4 Annonsering 23

8. Administrasjon 23

8.1 Bygg og anlegg 24

8.2 Teknisk drift 24

8.3 Prisar og utmerkingar 24

9. Økonomi og miljø 25

9.1 Resultatrekneskap 25

9.2 Investeringstilskott 26

9.3 Samfunnsrekneskap 26

9.4 Sponsoravtalar 26

9.5 Arbeidsmiljø 27

9.6 Ytre miljø 27

9.7 Vidare drift 27

10. Disponering av resultat 28

Resultatrekneskap 29

Balanse 30

Notar 32

Revisjonsmelding 34

Vedlegg

A. Samla publikumstal 2001 35

B. Kulturprogram 2001 36

C. Program Dei Nynorske Festspela 2001 40

Foto framsida: Jaro Hollan, 2000

1. Resultat

Etter det makelause opningsåret blei det viktige og vanskelege andreåret 2001 i overkant av det vi kunne rekne med. På kort tid har dermed det nye nasjonale dokumentasjons- og opplevingsssenteret for nynorsk skriftkultur kome langt både i sitt faglege og publikumsretta arbeid.

For femte år på rad kan Nynorsk kultursentrum leggje fram rekneskap med positivt driftsresultat. Rekneskapa syner eit overskot i 2001 på 84 000 kr etter finansinntekter, mot eit overskot på 18 000 i 2000. Dermed har Nynorsk kultursentrum endeleg ein positiv eigenkapital som omfattar meir enn stiftingskapitalen. Omsetninga i 2001 var på 7,8 mill. kr., mot 6,2 mill. kr. året før.

Dei Nynorske Festspela er skilde ut som eiga rekneskapsavdeling. Festspela oppnådde eit resultat på +52' i 2001, mot +79' i 2000. Omsetninga var på vel 720', og eigeninntektene utgjorde 46 %, mot 41 % året før. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela vellukka, med bort imot 4000 gjester og nær 250 utøvarar. Festspela er dermed rykt ut av den negative kunstnarlege og økonomiske utviklinga på 1990-talet.

Verksemda i 2001 blei prega av eit allsidig fagleg arbeid i større grad enn det som var planlagt. Særleg nådde vi langt med kravet om eit elektronisk, allment leksikontilbod på nynorsk. Talet på einingar i samlingane auka med over 30 % til om lag 27 800; ein slik tilvekst kan vi berre handtere reint unntaksvis. Ivar Aasen-tunet er no utstyrt med gode bok- og skriftsamlingar som opnar for mange typar fagleg dokumentasjonsarbeid og lettar det publikumsretta arbeidet.

18 400 personar gjesta tilboda våre i 2001. Sidan opninga har Nynorsk kultursentrum no hatt nær 38 000 gjester på tilstellingane og i utstillingane sine.

I 2001 laga vi fire nye temautstillingar, tre forfattarpresentasjonar og om lag 45 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Frå og med opninga 2000 har vi presentert 7 nye temautstillingar.

Vi stod for 95 eigne kulturarrangement i 2001, mot 82 året før. Heile 900 utøvarar var involverte i desse tilstellingane. Frå og med opninga har Nynorsk kultursentrum no gjennomført 177 eigne arrangement.

Garborg-året 2001 var ein raud tråd i mange arrangement. Utanom dei fire Garborg-regionane Time, Tvedestrand, Asker/Oslo og Nord-Østerdalen blei Ivar Aasen-tunet eit femte tyngdepunkt med heile 20 Garborg-tilstellingar. Få institusjonar markerte Garborg-året så sterkt.

Arbeidet med å etablere ein full driftsorganisasjon for ordinær drift heldt fram i 2001. Statstilskotet til drifta for dette året var akseptabelt, men på langt nær nok til å nå målet om full drift. Auken i tilskot for 2002 gir von om at styresmaktene vil prioritere institusjonen høgt også i framtida.

Drifta har vore ført innanfor stramme økonomiske rammer med vekt på kvalitet i alle ledd. Gjennom heile året blei det arbeidd for å styre kostnadsutviklinga og auke eigeninntektene. Effektiv drift er ein føresetnad for godt fagleg arbeid. Styret har vedteke fleire plandokument: sikringsplan (47 % av

norske museum hadde slik plan i 2000), innsamlings- og bevaringsplan (26 % av norske museum hadde slik plan i 2000), informasjonsplan og utstillingsplan. Det står att å handsame ein forskings- og dokumentasjonsplan i 2002 (22 % av norske museum hadde slik plan i 2000).

Styret la i arbeidet sitt særleg vekt på å utøve sin kontrollfunksjon, forvalte det overordna strategiske arbeidet, delegere avgjerdsmynde i enkeltsaker til administrasjon, leggje grunnlaget for å gjere den nye institusjonen til ein god arbeidsplass, fremje målretta langtidsplanlegging, og sikre gode allmenne rammevilkår for verksemda.

Den lokale og regionale velviljen som blei etablert gjennom arbeidet fram mot opninga og utover i opningsåret, har stått ved lag i 2001. Dermed har det vore mogleg å rette meir merksemd mot det nasjonale og internasjonale. Etter det vi kjenner til, er Ivar Aasen-tunet til no blitt presentert eller omtalt i Danmark, Nederland, Italia, Russland og USA.

2. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftinga med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv den nye nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet, eit dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur. som blei opna 22.6.2000, og festivalen Dei Nynorske Festspela.

2.1 Råd

20 stiftarar stod bak Nynorsk kultursentrum frå skipinga i 1993 fram til opninga i 2000. Ein av stiftarane var Ivar Aasen-museet. Denne institusjonen blei oppløyst ved opninga, og det er difor 19 stiftarar att.

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

- Sja til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
- Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje bindande pålegg til styret.
- Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
- Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2001 (varamedlemmer i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

- Hordaland fylkeskommune: Magnar Lussand (Mali Grete N. Aksnes)

- Møre og Romsdal fylkeskommune: Jan Magne Dahle (Aud Folkestad)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (Lidvin M. Osland)
- Volda kommune: Gunnar Strøm (Ingeborg Lyngnes Dahle)
- Ørsta kommune: Ola Perry Saure (Thor Nordang)

Forskings- og utdanningsinstitusjonar

- Høgskulen i Volda: Odd Monsson (Sveinung Vaage), Torbjørn Urke (Bjarte Alme)
- Møreforskning: Johan Barstad (Reidun Høydal)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (Olav Aasen)
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Ola Stemshaug (Gunnar Foss)
- Universitetet i Bergen: Oddvar Nes (Jan Oldervoll)
- Universitetet i Oslo: Dagfinn Worren (Arnbjørg Hageberg)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (varamedlem ikkje oppnemnd)

Kulturinstitusjonar

- Det Norske Samlaget: Jostein Nerbøvik (Eli Fiskvik)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (Kristin Eikli)
- Sunnmøre Museum: Edvard Molvær (Solveig Linge Stakkestad)

Målrørsl

- Noregs Mållag: Kristian I. Hanto/Grete Riise (Jan Olav Fretland)
- Noregs Ungdomslag: Hallvard Julseth (Randulf Bakken)
- Landssamanslutninga av nynorsk kommunar: Arnfinn Vigrestad/Nils Taklo (Magne Rommetveit/Vidar Høviskeland)
- Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (Kjell Inge Bjørke)

Ordførar i rådet var Kristian I. Hanto (vald i 1999 for to år) fram til rådsmøtet 26.9, då Grete Riise blei vald til ny ordførar.

Ottar Grepstad var sekretær.

Rådet hadde eitt møte og handsama i alt 9 saker. Den viktigaste saka var nynorskinstitusjonar som aktørar i samfunnsdebatten.

2.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Staten v/Kulturdepartementet oppnemner fire av styremedlemmene, rådet vel to, mens ein av medlemmene blir vald av dei tilsette. Desse sat i styret i 2001 (personlege varamedlemmer i parentes):

*Oppnemnde av Kulturdepartementet
1998 – 2001*

- Narve Bjørge, Bergen, leiar (Arvid Blindheim, Molde)
- Kristine Landmark, Ålesund (Aagot Gammersvik, Utne)

2000 – 2003

- Geir Atle Erslund, Bergen (Jens Kåre Engeset, Ørsta, observatør med møterett)
- Olaug Husabø, Tromsø (Per Olav Kaldestad, Stord)

Valde av rådet (1998 – 2001)

- Kari Bjørke, Oslo, nestleiar (Bente Vatne, Ørsta)
- Jostein Nerbøvik, Volda (Jan Olav Fretland, Lærdal)

Vald av dei tilsette (2000 – 2001)

- Torgeir Dimmen (Kirsti Langstøyl)

Rådsordførar Kristian Hanto møtte som observatør.

Styret hadde 5 møte og handsama i alt 65 saker. Dei viktigaste sakene var resultatvurdering av opningssesongen, strategi og planar for dei første ordinære driftsåra, profil for det faglege arbeidet og vidareutvikling av driftsorganisasjonen.

Fredag 9.2 skipa styret til takkefest for brukargruppa, arkitekt og utstillingsprodusent. John Aage Gjestrum, utstillingsprodusent og fagleg rådgivar, døydde brått i Russland 6.4.

2.3 Administrasjon

I 2001 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 26 medarbeidarar, mot 21 året før. Dei fast tilsette utførte 8,8 årsverk.

Desse 10 var fast tilsette i Nynorsk kultursentrum:

- Torgeir Dimmen, informasjonsleiar
- Ottar Grepstad, direktør
- Eirik Helleve, formidlingsleiar
- Knut-Johann Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar
- Gunn Marit Lid, programansvarleg (til 31.8)
- Ingrid I. Opedal, tunvert
- Randi Saure, kjøkkenleiar 70 %
- Janne Karin Støylen, tunassistent 25 % (til 13.8), programansvarleg (frå 13.8)
- Annvor Ullaland, administrasjonssekretær

Desse 12 var deltidstilsette:

- Milan Ilic, kokk (avløysar)
- Ann-Elin Brekke, vikar sekretær (frå 15.11)
- Jan-Frode Håskjold, datarådgivar

- Beate Langeland Mork, tunassistent (frå 29.9)
- Anne-Mette Myklebust, tunassistent
- Trude Nordal, sommarvikar (18.6 – 19.8)
- Idun Alma Torvik Ramsdal, tunassistent (frå 29.9)
- Solveig Skrede, tunassistent (frå 29.9)
- Tone Slenes, sentralbordbetjent og tunassistent (31.5 – 29.6 og frå 1.9)
- Åshild D. Stave, omvisar (18.6 – 19.8)
- Bodil Vinjevoll, tunassistent og omvisar (til 27.7)
- Irene Velle Waraas, omvisar (18.6 – 19.8)

For kortare tidsrom har desse 4 vore ekstrahjelpere: Hildegun Førde, Janne Kristin Lid, Marit Neergaard, Katrine Sevaldsen Ness. I perioden 5.2 – 20.3 hadde Liv Jorunn Riise praksisplass for Datakortet i Ivar Aasen-tunet.

Deltidstilsette utførte om lag 3700 timeverk i 2001, mot 1900 året før.

2.4 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var statsautorisert revisor Arvid Hovden.

2.5 Formell representasjon

- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Sigrid Bø Grønstøl
- Forum for nasjonale museum: Ottar Grepstad
- Nynorsk forum: Ottar Grepstad (leiar)
- Musea i Møre og Romsdal (MIMR): Eirik Helleve (varamedlem styret)
- Nynorsk inn i IKT-opplæringa (NIO): Ottar Grepstad (medlem kontaktgruppe)

2.6 Medlemsskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2001 medlem av desse institusjonane:

- BIBSYS
- Musea i Møre og Romsdal
- Norges museumsforbund
- Norsk KulturhusNettverk (NKN)
- UNINETT
- Ørsta reiselivslag

Dessutan var Nynorsk kultursentrum ein av medstiftarane i Stiftinga Garborg-året 2001.

3. Mål og strategi

3.1 Arbeidsmål

Det overordna målet for treårsperioden 2001–2003 er å sikre den nasjonale kulturinstitusjonen lokalt fotfeste, nasjonal tyngd og internasjonale nettverk.

Ivar Aasen-tunet skal vere ein offentleg arena for norsk kultur generelt og nynorsk kultur spesielt i alle former, vend mot breie og ulike målgrupper, og hovudarena for Dei Nynorske Festspela. Måla for arbeidet er å

- a) gjere det lettare å vere nynorskbrukar,
- b) styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og
- c) skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Dei Nynorske Festspela er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta, og ei brei kulturtilskiping for å fremje den nynorske skriftkulturen. Det overordna målet for treårsperioden 2001–2003 er å endre og fornye festspela ved å sikre dei lokalt fotfeste, nasjonal tyngd og internasjonale nettverk. Åra 2000 – 2002 utgjer ein fornyingsfase for festivalen. Frå 2003 reknar vi med å gå over i ein fase med moderat ekspansjon.

Nynorsk kultursentrum arbeider for ei allmenn styrking av nynorsk skriftkultur, utvikling av moderne museumsfunksjonar i eit IKT-basert dokumentasjonscenter, og drift av eit allsidig kulturbygg med eit vidt arbeidsfelt:

- Dokumentasjon og fagleg arbeid
- Utstillingar
- Formidling
- Arrangement
- Kafé, butikk og utleige

Dette føreset eit målretta samspel mellom museums-, utstillings-, språkfagleg, kulturfagleg og publikumsorientert kompetanse.

Ivar Aasen-instituttet vil vere ein viktig fagleg samarbeidspart for Nynorsk kultursentrum. Partane har utforma ein samarbeidsavtale for åra 2000 og 2001.

3.2 Strategi

Åra 1999 – 2002 utgjer oppbyggingsfasen for den nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet. I denne fasen effektuerer vi det vedtaket Stortinget gjorde hausten 1995. Frå 2003 reknar vi med å gå over i ein konsolideringsfase.

Ivar Aasen-tunet er eit moderne museum med svært vide dokumentasjons- og formidlingsoppgåver, og ein arena for viktige hendingar, tiltak og kunstoplevingar innanfor nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum bør vere førstevelet for planlegging og organisering av nynorske markeringsår.

Institusjonen ber i seg dei viktigaste fellestrekkane for museum, arkiv, bibliotek:

- Forvaltning av materiale som informasjons- og kjeldegrunnlag
- Systematisk dokumentasjon

- Utoverretta informasjonsbehandling
- Sterke og til dels formelle bindingar til utdanning og forskning
- Brukarorientert formidling ut frå folkeopplysingsideologien

Ein del av arbeidet kan følgje dei langsiktige prioriteringane, men vi er også budde til å ta opp eller gå inn i aktuelle saker som inneber at tidlegare prioriteringar må endrast.

Nynorsk kultursentrum vil spele ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi vil vere ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og på vår måte kritisk og konstruktivt vere med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfeltene våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot kan og vil Nynorsk kultursentrum stille sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

3.3 Museum, dokumentasjons- og opplevingssenter

I 2001 skaut arbeidet fart med å følgje opp *St.meld. 22 (1999–2000)* om arkiv, bibliotek og museum, den såkalla ABM-meldinga. Endringane inneber m.a. at mindre museum blir konsoliderte i større regionale einingar, og at dei nasjonale musea også blir knytte sterkare til desse regionale musea. Nynorsk kultursentrum har vore med på fleire møte i Møre og Romsdal om desse endringane, og vi har uttrykt interesse for å vere ein støttespelar og ein medaktør i dei endringane som vil kome.

Nynorsk kultursentrum ønskjer å samarbeide med andre museum, dokumentasjons- og opplevingssenter. I 2001 initierte vi to nye nettverk og aktivisere oss i to andre:

- Lokalt museumsforum: I april inviterte vi Volda bygdetun og Ørsta Bygdemuseumslag til eit første samrådsmøte der vi diskuterte ulike former for vidare samarbeid.
- Fehn-museum: Vi inviterte fem andre institusjonar med tilknytning til Sverre Fehn til samarbeid om ei skuleomvising om museumsarkitekturen til Fehn. Responsen var god, og det er lagt planar for vidare samarbeid, mellom anna om ein fellesbrosjyre.
- Forum for nasjonale museum: Nynorsk kultursentrum er med i denne uformelle gruppa. Dei som er med, er dei seksten institusjonane som får sitt offentlege driftstilskot frå Kyrkje- og kulturdepartementet.
- Litterære museum i Norden: Dette er ei gruppe som arrangerer årlege konferansar. På årskonferansen i 2001 presenterte Nynorsk kultursentrum Ivar Aasen-tunet.

Vi er såleis inne i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale museumsnettverk.

3.4 Festivalar og kulturhus

Nynorsk kultursentrum vil utvikle Dei Nynorske Festspela gjennom samarbeid med andre festivalar, både på Nordvestlandet og i andre delar av landet. Etter kvart blir dette nettverket utvida til andre land. Dei fleste norske festivalane er musikkfestivalar, og for ein litteratur- og musikkfestival som Dei Nynorske Festspela er det difor viktig å søkje samarbeid som kan vere til nytte for begge partar.

Gjennom Norsk kulturhusnettverk får Nynorsk kultursentrum høve til å utvikle kontaktar med kulturhus landet rundt og samarbeide om enkeltarrangement.

3.5 Nynorsk skriftkultur

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, men eit stort skriftspråk i verda. Nynorsken skil seg frå så godt som alle andre språk som blir brukte av eit mindretal på eit svært vesentleg punkt: Det finst så mange *institusjonar og organisasjonar* som sikrar kontinuitet og systematisk vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen. På svært mange område står kanskje den nynorske skriftkulturen svakare enn midt på 1900-talet. Men denne skriftkulturen er no meir *integert i det norske samfunnet* enn tidlegare.

Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Desse reformene må særleg ta sikte på å halde ved like og styrkje bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fotfestet den har fått. Berre institusjonar med nynorsk skriftkultur som øyremerkte oppgåve vil systematisk følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrkje denne skriftkulturen. Den nye Blåmann Barnebokklubb som blei skipa hausten 2001, er difor ei verdfull nyvinning.

Nynorsk er meir enn eit språk. Slik er det for både målfolk og mange nynorskbrukarar. Vi har å gjere med ein kollektiv identitet, eller iallfall tendensar til ein kollektiv identitet. Graden av identifisering varierer, frå organiserte målfolk til meir eller mindre tilfeldige nynorskbrukarar, men den som bruker nynorsk, må avklare sitt eige forhold til dette språket og den skriftkulturen som er blitt bygd opp kring dette språket. Generelt trengst det meir kunnskapsbasert argumentasjon for nynorsk.

Tilstanden for den nynorsk skriftkulturen er stabil, men krevjande. Nynorsk kultursentrum legg difor vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Alt arbeid blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar. Dei fleste av desse institusjonane fekk noko betre økonomiske rammevilkår for arbeidet sitt i 2002 enn for 2001.

Utfordringane for nynorsk skriftkultur er mange. I dei komande åra ser vi desse oppgåvene som dei viktigaste i arbeidet for å styrkje nynorsk skriftkultur:

- Nynorsk leksikon: eit allment elektronisk oppslagsverk på nynorsk
- Betre sidemålsundervisning på nynorsk
- Språkleg jamstelling i praksis innanfor informasjonsteknologien
- Betre rammevilkår for viktige offentlege støtteordningar, særleg pressestøtta og innkjøpsordningane for litteratur
- Standard-dokument for forvaltning og næringsliv
- Ny giv i mållovsarbeidet

Det finst mellom 500 000 og 800 000 nynorskbrukarar i Noreg. I tillegg kjem truleg over 100 000 i statleg forvaltning som dagleg må kunne bruke begge dei norske målformene, minst 50 000 tilsette i kommunar med nynorsk som tenestemål, og eit ukjent tal tilsette i verksemder med nynorsk administrasjonsspråk. Felles for alle desse, og for andre som søker informasjon på nynorsk, er at det ikkje finst nokon nasjonal kunnskapsbase på nynorsk, korkje på papir eller i elektronisk versjon. Særleg for elevar og studentar er det viktigare enn nokon gong å kunne finne informasjon i deira eiga målform. Løysinga er eit elektronisk oppslagsverk på nynorsk. Nynorsk kultursentrum samarbeider nært med Det Norske Samlaget om å utvikle Nynorsk leksikon, ein allmenn nasjonal kunnskapsbase på nynorsk.

Regjeringa Stoltenberg av slo i 2001 søknader frå Oslo og Vestfold om omfattande forsøk med fritak frå obligatorisk skriftleg undervisning i norsk sidemål. Presset mot denne ordninga varer likevel ved. Når nynorsk er meir enn eit språk, kan heller ikkje nynorsk isolerast til norsktimane og ei avgrensa sidemålsundervisning der altfor mange lærarar er lågt motiverte og lite kvalifiserte. Nynorsk kultursentrum vil vere ein pådrivar i høve til Læringssenteret, Utdannings- og forskingsdepartementet og andre instansar i norsk skule for å utvikle ei betre sidemålsundervisning, i nært samarbeid med Ivar Aasen-instituttet.

Internett og andre medium for den moderne informasjonsteknologien er viktige arenaer for den nynorske skriftkulturen. For at nynorsk skal bli fullt ut integrert også på dette området, må denne målforma også vere jamstelt med bokmål i dei mest brukte programvarene. Her kanaliserer Nynorsk kultursentrum sitt arbeid gjennom Nynorsk Forum.

Blant dei mange allmenne støtteordningane innanfor norsk kulturpolitikk er nokre målpolitisk viktigare enn andre. Innkjøpsordningane for litteratur har i så måte gitt positive resultat dei siste tiåra. Likeins har pressestøtta vore verdfull for dei mange avisene som blir redigerte på nynorsk eller på begge målformer. I arbeidet med å integrere den nynorske skriftkulturen i den norske kvardagen har truleg pressestøtta jamvel vore viktigare enn innkjøpsordningane for litteratur. Desse ordningane må difor ikkje berre førast vidare, men styrkjast.

For at nynorsk skal bli like mykje eit språk for arbeidsdagen som for tida, må det bli lettare å bruke nynorsk. Bruk av edb opnar for mange enkle tiltak, som fleire standarddokument på nynorsk til bruk i offentlig forvaltning og/eller i privat

næringsliv. Gjennom samarbeid med Landssamanslutninga av nynorsk kommunar vil Nynorsk kultursentrum utvikle eit tilbod for nynorskbrukarar i arbeid.

4. Dokumentasjon

Med den utoverretta profilen til Ivar Aasen-tunet er det kunstig å skilje skarpt mellom formidling, oppleving og fagleg arbeid. Alle tilsette utfører fagleg arbeid. Meir gjennom fagleg arbeid og temautstillingar enn gjennom kulturprogrammet kan Nynorsk kultursentrum spele ei rolle nasjonalt og internasjonalt. Den spisskompetansen på dokumentasjon av nynorsk skriftkultur som skal vere vårt varemerke, blei utvida vesentleg i 2001. Nynorsk kultursentrum er i ferd med å bli eit kvalitetsargument.

Nynorsk kultursentrum innførte noko heilt nytt i norsk samfunnsliv då direktøren heldt sin første årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur på den europeiske språkdagen 26.9. Kvart år vil det bli halde ein slik tale.

Administrasjonen tok opp fleire aktuelle saker med styresmaktene. I brevs form var dette dei viktigaste:

- Høyringsfråsegn 23.3. til Nærings- og handelsdepartementet om målpolitiske innkjøpsvilkår for administrativ programvare som ein del av forskriftene for lov om offentlege innkjøp
- Brev 9.5. til Vestfold fylkeskommune om søknad om fritak for undervisning i nynorsk som sidemål
- Påskrift på brev til Kulturdepartementet 27.5. om målpolitiske krav i samband med fornying av konsesjonsvilkåra for TV2. Brevet var eit fellesbrev frå fleire nynorskinstitusjonar

Mest arbeid la administrasjonen og styret ned i prosjektet nasjonal kunnskapsbase. I fleire søknader om statstilskot hadde Nynorsk kultursentrum peikt på behovet for eit allment leksikon på nynorsk med brei omtale også av den nynorske skriftkulturen. Då regjeringa lyste ut ein tilbodskonkurranse i juni, var omsynet til begge målformer kome med som resultat av aktiv innsats frå fleire nynorskinstitusjonar. Vi gjorde avtale om levering av stoff om nynorsk skriftkultur til to av tilbydarane, og vi samarbeidde nært med Det Norske Samlaget og dei andre tilbydarane i ei gruppe rundt J. W. Cappelens Forlag. Regjeringa la vekk alle tilboda og arbeidet tok til på nytt innunder jul, no med eit vidare perspektiv og dermed med klare behov for handfaste delprosjekt av typen *Nynorsk Leksikon*.

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk Leksikon* bygde administrasjonen frå sommaren opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av året var det registrert informasjon om 1939 nynorskbrukarar.

Den 9.2. gjorde Nynorsk kultursentrum samarbeidsavtale med Ivar Aasen-instituttet. Dei første fellestilskipingane blei avvikla i 2001. I praksis vil samarbeidet ta form gjennom enkeltprosjekt, ikkje minst hovudfagsstudiet i nynorsk skriftkultur frå hausten 2002.

Alt frå opningssesongen kunne Nynorsk kultursentrum tilby programtilbod for alle klassesteg frå barnehage til 3. klasse i vidaregåande skule. Dette programtilbodet blei revidert og utvida i 2001, og inneheld no 15 ulike opplegg.

Samarbeidet med redaksjonen i *Norsk Ordbok* om levering av korte, spesialskrivne ordboksartiklar til nettstaden vår heldt fram. Artiklane blir lagde ut to gonger i veke og vil etter kvart utgjere ei digital ordbok på Internett.

Gjennom året svarte staben på ei rekkje spørsmål frå publikum om nynorsk språk og litteratur. Ordninga frå 2000 med ein 48-timars garanti for svar på slike spørsmål via e-post, stod ved lag. Bibliotekleiaren svarte på dei fleste av spørsmåla.

4.1 Arkiv, bibliotek og samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet auka med heile 31 % i 2001. Ein slik vekst kan berre vere eit eingongstilfelle.

Gjennom året auka dei kulturhistoriske samlingane med om lag 6700 einingar, frå 21 100 i 2000 til 27 800 i 2001. Så godt som alt dette var kulturhistoriske gjenstandar i form av trykte skrifter, arkivmateriale, elektroniske dokument og tradisjonelle gjenstandar.

Talet på kunsthistoriske gjenstandar var 26 som året før. Ei samling av fotografi er under oppbygging og auka frå 400 digitale foto i 2000 til 550 i 2001, mest frå verksemda i tunet og av bygg og utstillingar.

Biblioteket kjøpte i 2001 inn 249 bøker og skrifter og 32 musikk- og lydbok-CD-ar, mot 185 i 2000. Biblioteket abonnerte på 45 tidsskrift og årbøker, mot 20 i 2000. Frå lokale bibliotek, Nasjonalbibliotekets gjenbruksbase, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum dette året 300 bøker, skrifter og tidsskriftårgangar i gåve.

Dei viktigaste delane av samlingane er no desse:

- Ivar Aasen-samlinga: 225 gjenstandar og om lag 2400 skrifter
- Reidar Djupedal-samlinga: om lag 14 000 bøker og skrifter og 218 originale Aasen-dokument
- Bjarne Slapgard-samlinga: om lag 180 band
- Jens Kåre Engesets artikkel- og klipparkiv: 10 permar om Aasen-tunets historie 1990–2000
- Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet
- Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt etter 1935, og 2200 årgangar av 146 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget
- Noregs Mållag sitt avisklipparkiv frå 1983 til dags dato: 155 kassetar og permar.

Eitt av dei overordna måla er å sikre institusjonen gode nok rammevilkår til at dei store samlingane våre kan gjerast tilgjengelege for publikum, forskarar og tilsette. Med små ressursar blei mykje gjort med dette alt i 2001, men det har ein provisorisk karakter.

Djupedal-samlinga vart pakka ut, grovsortert og plassert i hyllene i arkivmagasinet. BIBSYS arbeidde med å opne databasen, men har meldt frå om at materialet var for ufullstendig til at dei kunne gå vidare med arbeidet. Vi prøver difor å løyse dette på anna vis. Med Djupedal-samlinga pakka ut har staben tilgjenge til eit nokså operativt og svært innhaldsrikt bibliotek.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS tok til i 2001. Systemet blei teke i bruk i samband med tinging, mottak og katalogisering av nye bøker og tidsskrift. Ved utgangen av 2001 var det registrert 361 DOKID med bibliotekkode *wb* og kortforma AASENTUN. Av desse hadde 203 status som katalogisert. Opplysningar som gjeld eitt eksemplar av eit dokument blir kalla ein dokumentpost, og blir identifisert av eit DOKID. Talet på DOKID svarar til talet på eksemplar som er registrert i basen for biblioteket vårt.

Det blei tinga og motteke 43 innlån frå andre bibliotek dette året.

Nynorsk kultursentrum gjorde 3.8. avtale med Det Norske Samlaget om deponering av del I av Anton Aure-samlinga i Ivar Aasen-tunet for ein periode på 10 år frå 1.9.2001 til 1.9.2011. Bøker og skrifter etter 1935 utgjer om lag 5000 band, til saman 80 hyllemeter, men er førebels ikkje registrerte. Samlinga vil bli supplerte av Det Norske Samlaget for komande år, og Nynorsk kultursentrum har gjort prinsippavtale med Samlaget om at også resten av samlinga skal deponerast i Ivar Aasen-tunet, med unntak av dokument som er tekne inn i handskriftsamlinga ved NBO. Til no har samlinga vore deponert hos Nasjonalbiblioteket i Oslo. Aure-samlinga omfattar også 146 ulike aviser, blad og tidsskrift. Dette dreiar seg om heile 2166 årgangar innbundne i 777 band som til saman fyller 42 hyllemeter.

I september overtok vi Noregs Mållag sitt klipparkiv på stikkord som "nynorsk" frå 1983 til februar 2001 med 155 kassetar og permar fordelt på 19 hyllemeter. Samlinga blir supplert jamleg av Noregs Mållag.

Nynorsk kultursentrum gjorde 3.8. også avtale med Det Norske Samlaget om at Peder Hovdans "Arkiv for norsk målreising", som dei til no har deponert ved Nasjonalbiblioteket i Oslo, blir overført til Ivar Aasen-tunet. Unnateke er dokument som alt er tekne inn i handskriftsamlinga til NBO.

I bibliotek og arkivmagasinet har vi plass til om lag 870 hyllemeter med bøker, skrifter og arkivalia. Ved utgangen av året var om lag halvparten av denne plassen disponert. Nynorsk kultursentrum vil difor føre ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for arkivmateriale. Styret vedtok i samband med dette den første innsamlings- og bevaringsplanen 11.6.

4.2 Foredrag

Narve Bjørgo: Innleiing på fylkeskulturkonferansen til Hordaland fylkeskommune medio oktober

Ottar Grepstad: *Ivar Aasen-tunet – moderne autentisitet med kulturell meirverdi*. Foredrag på konferansen "Litterære museum i Norden", Helsingfors 10.3.

– : *Askerkretsen – mytar står for fall*. Foredrag på Garborg-seminar, Asker museum 22.3.

– : *Det nynorske blikket*. Årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 26.9.

– : *Mitt bilete av Arne Garborg*. Foredrag på Garborg-kveld i Strilatun, Seim 28.10.

– : *Korleis kan vi få fortisane i tale?* Foredrag på haustseminaret til Sunnmøre Mållag, Vestnes 3.11.

4.3 Trykte og elektroniske skrifter

Ottar Grepstad: Sidemålsstilens historie og kulturelle rolle. *Norsklæraren* 1/2001

– (red): *2001: Det makelause året*. Nynorsk kultursentrum 2001

– : "Språk og institusjon", i Håvard Teigen og Elisabeth bakke (red): *Kampen for språket*, Oslo 2001

– : "Innsida", redaksjon av fast side i *Dag og Tid* ein gong i månaden, første gongen 6.10.

Eirik Helleve: "Som et Ildblus igjennem Bygden". Nils Bakketun og avisa Wossingen 1857-60, i *Gamalt frå Voss* 2001

Ljubisa Rajic: *Dagbok frå Europa* 2001, www.aasentunet.no 13.6.2001

Foredrag av tilsette blir kontinuerleg publiserte på nettstaden vår.

4.4 Fagleg representasjon

Utanom møte i faste organ der Nynorsk kultursentrum er representert, deltok vi på om lag 30 eksterne tilstellingar i 2001:

- Vitjing på Jugendstilsenteret i Ålesund 19.1.: Heile staben
- Vinterseminaret "Noreg i verda med sidemål som norsk eksportartikkel" i Noregs Mållag i Bergen 20. – 21.1.: Torgeir Dimmen
- Utdeling av den første Grosch-medaljen til Sverre Fehn i Oslo 20.1.: Kari Bjørke
- Kurs om tekstproduksjon for nettstader, arrangert av Kommunikasjonsforeningen, i Fredrikstad 29. – 30.1.: Torgeir Dimmen
- Årskonferansen til Norske festivaler på Røros 15.–16.3.: Gunn Marit Lid
- Årsmøtet i Ørsta reiselivslag i Aasen-tunet 16.3.: Torgeir Dimmen og Ottar Grepstad
- Årsmøte i Gjemnes Mållag 23.3.: Eirik Helleve
- Ferie- og fritidsmesse i Sunnmørshallen, Ålesund 23.–25.3.: Torgeir Dimmen, Kirsti Langstøyl
- Årsmøtet til Musea i Møre og Romsdal (MIMR) i Aasen-tunet 5.–6.4.: Torgeir Dimmen, Ottar Grepstad og Eirik Helleve

- Uformelt møte med Kulturdepartementet i Oslo 19.4 (saman med fleire andre nynorskinstitusjonar): Ottar Grepstad
- Jordferda til John Aage Gjestrum frå Vestre Toten kyrkje 20.4.: Ola E. Bø, Jens Kåre Engeset, Jostein Nerbøvik
- Årsmøte i Det Norske Samlaget i Oslo 28.4.: Ottar Grepstad
- Møre med Kulturdepartementet 21.5.: Narve Bjørge og Ottar Grepstad
- KORGDagane 2001 om "Digitale dokumenter i bibliotek og arkiv: kunnskapsorganisasjon og kunnskapsforvaltning" på Høgskolen i Oslo 28.–29.5.: Kirsti Langstøyl
- Møte med Kulturdepartementet om nasjonal kunnskapsbase 18.6, saman med Det Norske Samlaget: Ottar Grepstad
- Kulturfrukost med statsminister Jens Stoltenberg og statsråd Ellen Horn i Molde 17.7. : Ingrid I. Opedal
- Landsmøtet i Noregs Mållag på Bryne 27.–29.7.: Janne Karin Støylen
- Statusmøte i BIBSYS i Bergen 4.9.: Kirsti Langstøyl
- Møte i museumsbibliotekargruppa i Trondheim 14.–15.9.: Kirsti Langstøyl
- Lansering av Blåmann Barnebokklubb i Oslo 17.9.: Janne Karin Støylen
- Haustseminaret til Kommunikasjonsforeningen, "Drømmesamfunn eller teknologimareritt?", i Bergen 18.–19.10.: Torgeir Dimmen
- Garborg-konferansen "'Ja, no er eg heime att', om stad, fellesskap og nasjonal identitet – frå Garborg til Baumann" i Oslo 19.10.: Ottar Grepstad
- Regionmøte om ABM-prosessen i Ålesund 19.10.: Eirik Helleve
- Hovudmarkinga for Garborg-året i Oslo 20.10.: Ottar Grepstad
- Bibliotekdagane 2001 i Ørsta og Volda 24.–25.10.: Kirsti Langstøyl
- Seminaret "Det arabiske og det nynorske" i regi av Ivar Aasen-instituttet på Høgskulen i Volda 2.11. : Ottar Grepstad
- Møte med Løvebakken Mållag i Nynorsk Forum i Oslo 14.11: Ottar Grepstad
- Haustseminaret "Nynorsk – meir enn eit språk?" til Noregs Mållag i Oslo 17.–18.11.: Eirik Helleve
- Møte i Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret i Oslo 24.11.: Kari Bjørke
- Tverrdepartementalt arbeidsseminar om nasjonal kunnskapsbase i Oslo 18.12: Ottar Grepstad

Ivar Aasen-tunet blei presentert på ei utstilling under den internasjonale museumsbiennalen i Krasnojarsk, Russland, 5.–9.6. Utstillinga blei opna av ambassadør Øyvind Nordsletten frå den norske ambassaden i Moskva.

5. Oppleving

Ivar Aasen-tunet som opplevingscenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving.

Like viktig som godt besøk er kvalitet, innhald, service og det utbyttete publikum har av tilbodet. Difor legg Nynorsk kultursentrum stor vekt på å måle eige arbeid både kvantitativt og kvalitativt. Publikumstal aleine seier lite om fagleg kvalitet og langtidsverknad. Særleg viktig er dette for ein institusjon som Ivar Aasen-tunet, som har teke mål av seg til å gjere det lettare å vere nynorskbrukar. Mange av arrangementa ville ikkje blitt til utan arbeidet vårt. Frå første stund har vi lagt vekt på at tilstellingane skal ha tunets særeigne vri. Det kunstnarlege nivået på tilstellingane var jamt over høgt. Både enkeltarrangement og frå arbeidet med basis- og temautstillingar får ein gjenbruksverdi gjennom det vidare faglege arbeidet.

I november gjorde Nynorsk kultursentrum partnerskapsavtale med klasse 8D ved Ørsta ungdomsskule. Klassen vil følgje arbeidet i Ivar Aasen-tunet i tre år, og sjølv bli aktivt involvert.

5.1 Basisutstillinga

Til opninga i juni 2000 var ikkje basisutstillinga, *Ei utstilling om nynorsk skriftkultur*, heilt ferdig. Utover hausten kom det meste av det resterande på plass, og i februar 2001 var John Aage Gjestrum og ICe Årstad her for å avslutte arbeidet. Nokre småting står framleis att.

Basisutstillinga har fem hovudelement: a) Ivar Aasens liv og verk, b) Talespråk og skriftspråk i globalt perspektiv, c) Framveksten av nynorsk skriftkultur gjennom skule, song og massemedia, d) Enkeltforfattarar og andre brukarar av nynorsk, og e) Språkverkstad med det interaktive dataspelet Dialektspelet. Dei fleste delane av basisutstillinga er bygd opp av modular som kan skiftast ut. Berre a) og delvis b) kan reknast som permanent utstilling.

5.2 Temautstillingar

Størst skifte har det så langt vore lengst inne i utstillinga. I temarommet viste vi i 2001 fem utstillingar. Fire av dei var nye, alle med Aina Griffin som formgivar:

- | | |
|---------------|--|
| 1.1. – 24.1 | <i>Songen om kysten</i> (frå 19.11.00): Livet langs havkanten slik det er skildra i song, prosa og poesi |
| 25.1. – 1.4 | NY <i>Askerkretsen</i> . Det intellektuelle og kunstnarlege miljøet rundt Hulda og Arne Garborg på Labråten i Asker |
| 2.4. – 20.6. | <i>Songen om kysten</i> (reprise) |
| 21.6 – 29.7. | NY <i>Den som diktar, bygger bruer</i> : Festspeldiktaren Brit Bildøen |
| 30.7. – 25.9. | <i>Askerkretsen</i> (reprise) |
| 26.9. – 8.11. | NY <i>Kaffikoppens kulturelle kraft</i> : I høve hundreårsdagen for den første kaffistova, om den rolla kaffistovene har spelt for målrørsla |

9.11.- 31.12. NY *Diktarens litterære liv*: Olav Duuns miljø, lesnad og litterære påverknad

Temautstillingane blir henta fram att etter behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg, og slik at basisutstillinga jamleg er i endring. Desse utstillingane er spesiallaga til eit rom i utstillinga, men har likevel eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. I 2001 blei såleis utstillinga *Askerkretsen* lånt ut til Rissa bibliotek, som viste utstillinga i heile oktober. Kring 2000 såg utstillinga der. Utlån av utstillingar blir systematisert frå 2002.

5.3 Forfattarrommet

I det såkalla Forfattarrommet i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir tre av dei skifta ut. I 2001 var dette endringane:

22.2. Hulda Garborg inn, Olav H. Hauge ut

20.8. Tarjei Vesass inn, Halldis Moren Vesaas ut

9.11. Marie Takvam inn, Olav Duun ut

Materialet som blir laga, er seinare tilgjengeleg i biblioteket og på nettstaden.

5.4 Daglege endringar

Basisutstillinga lever med i samtida: Det er noko nytt i basisutstillinga kvar einaste dag. Ferske utgåver av aviser redigerte på nynorsk har fast plass, og "Dagens sitat" blir lagt ut kvar dag. Det er også mange skifte på den såkalla aktualitetshylla vis-a-vis temautstillingane. Her blei det i 2001 lagt fram avisutklipp og eigne tekstar om ca. 45 ulike emne. Dei viktigaste var:

Heile året Garborg-året

13.3. Marit Tusvik 50 år

30.3. Olav T. Beito – 100 år sidan han blei fødd

16. 5. Lars Berg – 100 år sidan han blei fødd

Juli Åse Marie Nesse døydde 13.7

9.10. Hans Skjervheim – 75 år sidan han blei fødd

11.11. Bjarne Slapgard – 100 år sidan han blei fødd

12.11. Alf Hellevik døydde 8.11.

30.11. Rønnaug Kleiva 50 år

Som ein del av utstillingane *Kaffikoppens kulturelle kraft* og *Diktarens litterære liv* blei det lagt avisgångar frå Aure-samlinga i hylla for å vise relevante aviser og artiklar.

Under Dei Nynorske Festspela blei utstillinga *Garborg i brev og på frimerke* vist i biblioteket i samarbeid med Ørsta Filateliklubb.

5.5 Kulturprogram vår og haust

Vår- og haustprogrammet omfatta 53 opne publikumsarrangement med til saman over 600 utøvarar. Av dette var 15 arrangement særleg retta inn mot barn.

Nynorsk kultursentrum hadde 30 eigne arrangement på vårprogrammet frå 24.1 til 22.4. Av dette var det 7 framsyningar av oppsetjinga *Oterspor*, der alle dei 49 elevane ved Mork skule i Volda var med. I alt følgde 717 desse framsyningane.

Hausten 2001 hadde vi 34 eigne arrangement frå 16.9 til 25.11, dessutan den faste konserten på Ivar Aasens fødselsdag 5.8.

Kulturprogramma hadde brei appell og tilbod til svært ulike målgrupper. Vi la vekt på å vidareutvikle programformer som har vist seg å høve for Ivar Aasentunet. Vi hadde seks urframføringar på programmet i 2001, og kunne tilby meir teater, fleire skuleframsyningar og barnearrangement enn året før.

Nynorsk kultursentrum opna i 2001 for nokre få, dyre arrangement. Dette gav god utteljing kunstnarleg og bar seg økonomisk, men risikoen ved slike tilstellingar er høg. Vi hadde 550 personar var til stades under kyrkjekonsert 18.11 med Ole Edvard Antonsen, Karoline Krüger og Stemmebandet. Aldri før har så mange gjesta eit betalingsarrangement i regi av Nynorsk kultursentrum.

Litteratur er og blir ei hovudsak for Nynorsk kultursentrum. Difor var det sær s gledesleg at boknatta 9.11 var vellykka. Med mindre justeringar ser det ut til at dette arrangementet har funne si form.

Vårprogrammet blei kunngjort 15.1., haustprogrammet 13.9.

5.6 Dei Nynorske Festspela

I 2001 omfatta festspela 33 eigne arrangement med 250 utøvarar, mot 40 arrangement og 300 utøvarar i fjor. Av dei 33 arrangementa var 6 retta særleg inn mot barn eller unge.

Som i fjor blei Dei Nynorske Festspela arrangerte over fire dagar i jonsokhelga. Dette vil vere det faste tidspunktet i åra som kjem. Etter at festspela berre for to år sidan stod ved stupet, er dei no etablerte som ein tung institusjon. Dei Nynorske Festspela skal ha ein moderat ekspansjon, men framleis vere ein så liten festival at den blir oversiktleg og intim for både publikum og utøvarar. Om lag ti av tilstellingane var faste programpostar, og fleire tåler ikkje festspela innanfor ei firedagarsramme.

Brit Bildøen var festspeldiktar, festspelutstillinga var i år temautstillinga "Byggjekunst" som vekte oppsikt i kunstmiljøa, Geir Mork heldt Ivar Aasenminneforedraget, Annbjørg Lien og Bjørn Ole Rasch stod for opningskonserten og Ljubisa Rajic var stemnetalar under det avsluttande Ivar Aasen-stemnet. Det var fleire utanlandske innslag i festspela dette året enn det har vore tidlegare. Eit kunstnarleg høgdepunkt blei såleis ein kyrkjekonsert med den kviterussiske vokalgruppa Kamerata og Volda Mannskor. For publikum var storlygarkvelden i uteamfiet jonsokaftan Aasen-tunet på sitt beste.

Frå og med festspela arrangerte vi i sommarsesongen ein fotokonkurrans med "Byggjekunst" som tema. Konkurransen blei avvikla i samarbeid med Sunnmørsposten og Polaroid Norge. Over 500 foto blei leverte inn. Ein jury kåra Arne Strømme, Molde, som vinnar.

Festspelprogrammet blei presentert 2.4. Staben gjennomførte ei svært grundig intern resultatvurdering i juli som blei følgd opp i styret 26.9., og som vil vere til stor nytte i arbeidet med seinare festspel og kulturprogram.

5.7 Butikk

Butikken er skild ut som eiga avdeling i rekneskapen. Som i 2000 var hovudtilbodet bøker og andre trykksaker. Varetilbodet blei i 2001 særleg utvida med

- Fleire cd-plater
- Tre nye produkt med Ivar Aasen-signaturen: svart t-skjorte for vaksne og barn, ein fin penn i tre og metall med og utan treetui, og ein rimelegare plastpenn. Publikum tok godt mot dei nye varene
- Lisensprodukt frå Garborg-året: plakatar, kalender, Hulda-forkle og Hulda-kokebok i tillegg til bøker av Arne Garborg. Både forkle og kokebok blei svært populære artiklar. Etter Garborg-året blir Aasen-tunet einaste salsstaden for Hulda-forkleet

Sal av bøker og cd-plater i samband med arrangement hadde eit visst potensiale, dels i samarbeid med forlaga, dels med Haugen Bok i Volda.

5.8 Kafé

Kafeen skal ha eit tilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Kafeen er alt blitt ein del av varemerket til Ivar Aasen-tunet: høg kvalitet på maten, bruk av gode råvarer og heilt minimalt med halvfabrikata, og varierende meny. Så godt som kvar søndag heile året gjennom kunne kafeen tilby torettarsmiddag, og i sommarsesongen eit utvida tilbod av varme og kalde rettar kvar dag.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil. Menyen er blitt tilpassa aktivitetane, med nye smakar av og til, men publikum har lettare for å velje det tradisjonelle enn det moderne, og det moderne er dyrare å lage.

Akustikken i lokalet blei vesentleg betre frå og med sommarsesongen då tre store lydplater blei sette opp. Her er det likevel aktuelt å vurdere fleire utbetringar.

5.9 Utleige

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen, og er attraktivt også nasjonalt. Utleige er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen, og var ei god inntektskjelde i 2001. Omfanget av utleige er større enn det som var tenkt i utgangspunktet. Heile 88 grupper, lag, bedrifter og institusjonar tinga servering, omvising og/eller lokale til møte, kurs og seminar, mot 69 i 2000.

Salen har synt seg å fungere svært bra som møte-, kurs- og konferanselokale. Det viser også att for omsetninga i kafeen. Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt. Fleire leigde også Salen til konsertar og teaterframсыningar. Kafeen har også vore brukt som selskapslokale for konfirmasjonar, årsdagar og julebord. Her har vi stilt som føresetnad at nokre av tilboda i tunet er inkluderte i tilskipinga.

6. Besøk

Nynorsk kultursentrum hadde 18 400 gjester i 2001, mot 19 200 i opningsåret. Dette var 32 % over budsjettet på 13 940 gjester. Det vanlege for slike institusjonar er at gjestetallet fell til det halve året etter opningssesongen. Med eit besøk som var 94 % av førsteåret blei Nynorsk kultursentrum eit unntak frå denne regelen.

8600 såg utstillingane, mens 8700 var til stades ved opne arrangement. I tillegg var 1100 med på lukka tilstellingar. Det samla gjestetallet fordelte seg med 31 % i vårsesongen, 41 % i sommarsesongen og 28 % i haustsesongen.

Dei Nynorske Festspela hadde eit samla besøk på 3700 personar, mot 4100 i 2000.

Sidan opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 37 600 gjester. Gjest nr. 25 000 etter opninga kom 5.6.2001; Johan Yndestad frå 10. klasse ved Ørsta ungdomsskule.

Ei publikumsundersøking frå juli – august viste at 9 av 10 gjester var frå andre kommunar enn Ørsta eller Volda. Undersøkinga viste også at publikum var svært godt nøgde med utbyttet av besøket både når det gjaldt bygg, utstillingar og service. Alt dette stadfestar tendensane frå ei tilsvarende undersøking i sommarsesongen 2000: Aasen-tunet er blitt eit nytt reisemål.

6.1 Opningstider

Opningstidene var dei same som frå opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene. Til saman var Ivar Aasen-tunet ope for publikum 271 dagar, med desse opningstidene:

2. januar – 17. juni og 20. august – 20. desember

Tysdag – fredag 10–16, søndag 13–18, måndag ope etter avtale

18. juni – 19. august

Måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12– 18

6.2 Billettprisar

Den prismodellen som blei utvikla for opningssesongen, blei ført vidare i 2001. For besøk i utstillingane var det faste prisar heile året, som var uendra frå 2000:

- Vaksne 60,00
- Barn (6–16), honnør, student 30,00
- Familie 125,00
- Grupper (minst 15 personar) 30,00 pr person
- Elevar 20,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00

Under festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Å prise kulturarrangement er vanskeleg fordi publikum ventar at kulturtilbod skal vere rimelege. Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 200 kr. Dei mest brukte billettprisane var 50 og 80. Under festspela blei prisane justerte noko opp der det var marknadsgrunnlag for det.

To rabattordningar blei innførte:

- Årskort utstillingar 225,00
- Sesongkort arrangement 350,00

Korta gav fritt tilgjenge, men gjaldt ikkje under Dei Nynorske Festspela, ved arrangement med vaksenpris over 100 kr eller med eksterne arrangørar. Tilbodet blei lite marknadsført og gav lita utteljing.

6.3 Nasjonale og regionale kulturinstitusjonar

Nynorsk kultursentrum er ein av seksten nasjonale kulturinstitusjonar der staten dekkjer heile det offentlege driftstilskotet. I 2001 fekk desse seksten institusjonane eit samla statleg tilskot på 143,8 mill kr. Av dette gjekk 3,9 % til Nynorsk kultursentrum, mot 3,4 % året før. Den samla løyvinga auka med 6,2 % frå 2000, mot ein auke på 12,5 % frå 1999 til 2000.

Eigeninntektene for dei ulike nasjonale institusjonane varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 47 % av dei samla inntektene i 2000, mot 24 % for Nynorsk kultursentrum.

Den offisielle museumsstatistikken frå Norsk museumsutvikling ligg føre så seint på året at vi her berre kan rapportere om gjestetel for 2000. På dette punktet var 2000 eit moderat år for dei nasjonale institusjonane. Dette året gjesta 1 161 000 personar dei nasjonale institusjonane – 67 000 fleire enn året før. Som ny institusjon dette året stod Nynorsk kultursentrum for 29 % av auken.

Ivar Aasen-tunet er den einaste nasjonale kulturinstitusjonen i Møre og Romsdal som er i ordinært drift. Musea i fylket rapporterte om eit samla besøk på 143 000 i 2000, mot 108 000 året før. Av dette var 81 000 betalande. I sitt fylke stod Nynorsk kultursentrum for 13 % av det samla gjestetallet ved musea.

Ved dei 27 musea i Møre og Romsdal som rapporterte for 2000, blei det utført 54 årsverk i faste stillingar. Nynorsk kultursentrum stod for 12 % av dette.

7. Informasjon

Den vedtekne informasjonsplanen 2000 – 2002 låg til grunn for arbeidet i 2001.

Det har vore laga nokre notat som bakgrunn for drøftingar av informasjonsstrategi på stabsmøte og stabsseminar, men sjølve planen frå opningsåret vart ikkje revidert i 2001.

Faste informasjonsrutinar er etablerte, med pressemeldingar og annonsar før alle arrangement. I tillegg vart plakatar og DM via post og e-post nytta i nokre høve. Administrasjonen har praktisert open informasjon og svart på alle dei spørsmåla som har kome.

Profilprogrammet blei levert komplett av byrået I + M våren 2001. Etter nokre vanskar med konvertering frå Mac- til PC-versjon fungerer det no godt.

7.1 Nettstad

I 2001 gjesta 17 500 nettstaden www.aasentunet.no, mot 9000 i 2000.

Nokre av sidene på nettstaden blei utvida og reviderte, men det er framleis eit godt stykke att til måla i informasjonsplanen. I desember gjekk administrasjonen grundig gjennom struktur og innhald på nettstaden, og endringar blir gjennomførte våren 2002.

Våren 2001 var Jan Frode Håskjold engasjert for å utvikle "Ordspelet", eit nettbasert dataspel om ord og ordtydingar med utgangspunkt i det såkalla Grunnmanuskriptet til Norsk Ordbok. Målgruppa er skuleelevar frå 5. klasse og oppover. Arbeidet blei delvis finansiert av tilskot frå Kulturnett Noreg. Spelet er tilgjengeleg frå startside på nettstaden.

Nynorsk kultursentrum gjorde avtale med Garborg-året 2001 om å overta drifta av den elevretta nettstaden garborgnett.no frå 1.1.2002.

Nynorsk kultursentrum sikra seg våren 2001 retten til fleire interessante domenenamn: ervingane.no, dialekt.no, symra.no, festspela.no, ivar-aasen.no, dei-nynorske-festspela.no, ivar-aasentunet.no, nynorsk-kultursentrum.no. Blir nokon av desse brukte, kjem brukaren automatisk vidare til aasentunet.no.

7.2 Presse og kringkasting

Nynorsk kultursentrum fører ein svært aktiv informasjonspolitik med pressemeldingar og annonsar i samband med alle arrangement. Det blei også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut 60 pressemeldingar i 2001, mot 48 året før. Dei fleste av desse pressemeldingane blei også lagde ut som nyhendemeldingar på nettstaden.

Nynorsk kultursentrum gav NRK Radio løyve til å bruke opptak frå Dialektspelet til ein programserie om norske dialektar utover våren og sommaren 2001 i programposten Språkteigen.

7.3 Trykksaker

Det blei sendt ut to nummer av meldingsbladet *Symra* i eit samla opplag på 20 000 eksemplar. Desse nummera med oversyn over vår- og festspelprogramma blei spreidde til faste adresselister og alle husstandane i Ørsta og Volda. Eit planlagt

haustnummer blei erstatta med annonsering og ein programfaldar med haustprogrammet som blei distribuert lokalt. Opplag er ikkje registrert.

Som i 2000 blei festspelprogrammet presentert i ei programavis på 24 sider som var istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten 11.6. Avisa blei trykt i 45 000 eksemplar og gav gode annonseinntekter.

Til sommarsesongen låg det føre besøksbrosjyre i norsk, engelsk og tysk versjon. Opplag er ikkje registrert. Brosjyren er primært tenkt til bruk for dei som vitjar utstillingane, og blei spreidd til overnattingsstader, turistinformasjonar og trafikk-knutepunkt på Sunnmøre.

Manuskript, presseklipp, programoversyn og kuriosa frå opningsåret blei samla i eit skrift på 465 sider – *2000: Det makelause året*, og spreidd i 100 eksemplar.

7.4 Annonsering

Alle arrangement blei annonserte i lokalavisene i Ørsta og Volda. Sunnmørsposten og nokre av dei andre lokalavisene på Sunnmøre blei også nytta i nokre høve. I tillegg hadde vi nokre lysingar i Dag og Tid.

Vi har gjort avtale med Mørebil om reklamebanner på fire av bussane deira. Bussane er stasjonerte ulike stader på Sunnmøre. Denne avtalen gjeld i første omgang frå mai 2001 til juli 2002

Vi er med i Ørsta Reiselivslag si marknadsføring av regionen, og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker og brosjyrar. Vi var også med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kultur-reisemål.

Vi presenterte Ivar Aasen-tunet på to messer saman med andre reiselivsbedrifter i Ørsta: Yrkesmesse for 10. klassingar i Ørsta og Volda i januar, og den store salsmessa "Aktiv Fritid" i Ålesund i mars. Vi hadde også eigen stand på landstinget til LNK på Bryne i juni.

8. Administrasjon

Det administrative arbeidet i 2001 bar preg av overgang til ordinær drift.

Fastsette rutinar kravde vedlikehald, og særleg rutinane for inngåande og utgåande fakturaer blei både forenkla og forbetra. Styret vedtok retningslinjer for permisjon utan lønn, alle medarbeidarane var med og forma utkast til eigne stillingsomtalar, og dei første lokale lønnsforhandlingane blei gjennomførte.

Saksarkivet blei i august supplert med komplett arkiv etter John Aage Gjestrum. Dette arkivet omfattar også mange fotografi frå heile byggeprosessen.

8.1 Bygg og anlegg

Nynorsk kultursentrum rår over 5 bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Hausten 2001 sette Statsbygg i gang arbeidet med å overføre tomt og nybygg kostnadsfritt til Nynorsk kultursentrum.

Det blei halde eittårssynfaring 13.6., med utbetring av ein del mindre feil og tiltak som lettar det daglege arbeidet. Administrasjonen har i alle slike spørsmål halde nær kontakt med professor arkitekt Sverre Fehn MNAL, og med byggherren Statsbygg.

Arbeidet med å gjere gamlevegen opp i tunet brukeleg for gjestene, tok til våren 2001 og vil bli avslutta våren 2002.

Styret vedtok revidert sikringsplan for tunet 9.2.

Nybygget var motiv på eitt av to frimerke om norsk arkitektur som Posten Noreg tok i bruk 22.6., eittårsdagen for opninga.

8.2 Teknisk drift

Nynorsk kultursentrum rår over ein velutstyrt maskinpark av datamaskinar, kopimaskinar, skrivarar, skannerar m.m. Det meste av utstyret blei kjøpt inn i 2000, og det var lite vedlikehaldsvanskar med dette i 2001. Eit par mindre tekniske feil i basisutstillinga blei retta. Mange mindre utbetringar av dei tekniske anlegga blei gjennomførte.

Det datatekniske samarbeidet med Høgskulen i Volda heldt fram i 2001. Samarbeidet inneber tilknytning til datanettverket ved Høgskulen i Volda med 2 MB breiband og full service for datasambandet. Avtale med UNINETT gir oss tilgjenge til det felles høgskule- og universitetsnettverket i Noreg. Jamt over verka desse tilkoplingane godt i 2001.

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er eit komplisert bygg med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2001. Det gir over tid billigare og meir stabil drift.

Det blei kjøpt inn tenester for reinhald, vakthald og tilkopling av brannalarm.

8.3 Prisar og utmerkingar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. I 2001 gjekk prisen til hotelleigar og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge, Selje, for hennar konsekvente bruk av nynorsk i eiga verksemd og tillitsverv. Prisen var 25 000 kr og eit grafisk blad, og blei overrekt under opningskonserten for Dei Nynorske Festspela 21.6. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

Nynorsk kultursentrum blei 20.2 tildelt Kommunikasjonsprisen 2000 frå Kommunikasjonsforeningen i Møre og Romsdal. Den nyoppretta prisen blir tildelt "enkeltpersoner eller virksomheter som har utmerket seg med nytenkende, god

informasjon eller kommunikasjon i det foregående kalenderåret”. Prisen var eit grafisk trykk.

Den 24.10 overrekte Ørsta kommune Byggeskikkprisen 2001 til Ivar Aasen-tunet. Prisen var ein plakett og eit signert diplom med teikning av Roar Hagen.

To av hovudpersonane i arbeidet med å realisere Ivar Aasen-tunet, blei heidra av sine kommunar for dette arbeidet. Ørsta kommune gav kulturprisen til Jens Kåre Engeset, og Volda kommune gav kulturprisen til Jostein Nerbøvik.

9. Økonomi og miljø

9.1 Resultatrekneskap

For femte år på rad kan Nynorsk kultursentrum leggje fram rekneskap med positivt driftsresultat. Rekneskapen syner eit overskot i 2001 på 84 000 kr etter finansinntekter, mot eit overskot på 18 000 i 2000. Dermed har Nynorsk kultursentrum endeleg ein positiv eigenkapital som omfattar meir enn stiftingskapitalen.

Dei Nynorske Festspela er skilde ut som eiga rekneskapsavdeling. Festspela oppnådde eit resultat på +52' i 2001, mot +79' i 2000. Omsetninga var på vel 720', og eigeninntektene utgjorde 46 %, mot 41 % året før. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela vellukka, med bort imot 4000 gjester og nær 250 utøvarar. Festspela er dermed rykt ut av den negative kunstnarlege og økonomiske utviklinga på 1990-talet.

Omsetninga i 2001 var på 7,8 mill. kr., mot 6,2 mill. kr. året før.

Utover i 2001 blei det klart at kostnadene kom til å bli høgare enn budsjettert, og administrasjonen har difor lagt ned eit stort arbeid for å avgrense kostnadsauken og skape større eigeninntekter. Førrebels resultat er dermed blitt så godt som identisk med budsjettert resultat.

Dei kritiske suksessfaktorane i 2001 var desse:

- Storleiken på det statlege driftstilskottet, som auka frå 4,6 mill kr i 2000 til 5,6 mill kr i 2001.
- Storleiken på eigeninntektene. Desse auka frå 1,3 mill kr i 2000 til 2,0 mill kr i 2001, og utgjorde heile 28 % av samla inntekter i 2001, mot 24 % i 2000.
- Kostnadsstyring både for drift og investeringar. Også i 2001 kom det til ein del uføresette kostnader som følgde med etableringa av ein ny institusjon.
- Halde lønnskostnadene under 60 % av dei samla driftskostnadene. I 2001 utgjorde lønnskostnadene 49 %.
- Aktiv oppfølging av ein stab som etter kvart tel mange fast tilsette og deltidstilsette.

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke. Det økonomiske resultatet for dei ulike rekneskapsavdelingane – administrasjon, festspel, arrangement, utstillingar,

kafé og butikk – er ulikt, men alle desse delane av verksemda drog i same retning og bygde opp under kvarandre.

Resultatet for 2001 er positivt, men fleire tendensar tyder på at kostnadsstrukturen må vurderast nøye for å hindre at kostnadene aukar for mykje.

Eit kritisk punkt for nye institusjonar er å ha midlar som kan avsetjast til vedlikehald. Desse kostnadene var låge i 2001, men vil auke i åra som kjem.

9.2 Investeringstilskott

Nynorsk kultursentrum fekk i 1999 råderett over den delen av den samla byggjesummen som var sett av til utstilling, inventar og utstyr. I tillegg skaffa vi 0,422 mill kr i prosjekttilskot, slik at vi i alt hadde 8,824 mill kr til rådvelde. Trass i svært stram økonomistyring kom dei samla kostnadene på 9,265 mill kr.

Restkostnaden som ikkje er finansiert, er såleis på 441 000 kr. Dette vil vise att i årlege resultatrekneskapar til og med 2004 i form av årlege avskrivningar på om lag 80 000 kr. Kostnadene fordeler seg med om lag 5,7 mill kr til basisutstilling og 3,5 mill kr til inventar og utstyr.

Den samla investeringsrekneskapen blei avslutta 30.4.2001 med rapport til Kulturdepartementet. Her la vi fram ein eintydig konklusjon om at den ramma som var lagd av departementet på førehand, var altfor knapp i høve til realistiske behov. Dei investeringane vi gjorde, var heilt nødvendige for at Ivar Aasen-tunet skulle få det grunnlaget det måtte ha, og som no vekker åtgaum både frå publikum og fagfolk. Dei reelle og kritisk prøvde behova var altså vesentleg større enn rammene frå departementet opna for. Særleg var det teke lite omsyn til kostnader med utbetring og tilrettelegging av uteområdet og det gamle museumsanlegget. Det viste seg også at eit bygg som har ein sal av den typen vi har, krev høge investeringar i lys, lyd og ymse AV-utstyr for at anlegget skal vere funksjonelt. Det var svært vanskeleg å få til dette med den ramma vi hadde fått til rådvelde. Ei mangelliste over det som måtte veljast vekk, utgjør 0,7 mill kr. Den store lista over innkjøp som måtte veljast vekk, inneber at dei manglande midlane kan skape vanskar for drifta over år.

9.3 Samfunnsrekneskap

Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2001:

- 883 000 kr i skattetrekk og 460 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 1 343 000 kr (17 % av samla kostnader).
- 3,3 mill kr i lønn til 108 lønnstakarar i 30 kommunar.
- 530 000 kr til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela.

9.4 Sponsoravtalar

Frå 2000 hadde Nynorsk kultursentrum avtalar med 3 hovudsponsorar og 7 andre sponsorar:

- Hovudsponsorar: Sunnmørsposten, Widerøe og Ørsta Stål.

- Andre sponsorar: Dag og Tid, Landslaget for lokalaviser, Møre-Nytt, Møre og Romsdal Fylkesbåtar, Sparebanken Volda Ørsta og Tussa Kraft.
- Festspelsponsor: Brønne Mineralvatn

I 2001 gjorde vi også avtale med Mørebil for perioden 2001 – 2002.

9.5 Arbeidsmiljø

Den omfattande aktiviteten i 2001 utgjorde eit formidabelt press på dei tilsette. Den nye institusjonen har no prova sin eksistensrett og vist ei retning i arbeidet sitt. Difor kan og må arbeidspresset reduserast i 2002.

Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 7,6 % av den samla arbeidstida i rekneskapsåret, mot 0,1 % i 2000. Årsaka var to langtidssjukmeldingar.

Bedriftsfotballaget Ervingane, skipa hausten 2000, har også dette året vore med i bedriftsserien i Volda. Oppmann og nokre av spelarane er tilsette i Nynorsk kultursentrum. Saman med nokre andre har tilsette starta pubquiz-laget Nervingane, som toppa pubquiz-tabellen i Volda etter haustsesongen 2001.

Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden.

9.6 Ytre miljø

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2001. Sjøppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2001 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

9.7 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står urørt på renteberande konto i Volda og Ørsta Sparebank.

Likviditeten har vore tilfredsstillande.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapsåret for 2001.

10. Disponering av resultat

Årsoverskotet på kr 84 255 går til å dekkje tidlegare udekt underskot (384 kr) og til å auke eigenkapitalen. Stiftinga har ved årsskiftet ein eigenkapital på kr 3013 871.

Hovdebygda, 31. desember 2001/15. mars 2002

Kari Bjørke, *leiar*

Torgeir Dimmen

Geir Atle Ersland

Kristian I. Hanto

Olaug Husabø

Kristine Landmark

Margit Walsø

Ottar Grepstad, *direktør*